



**RUSMIDDELPOLITISK
HÅNDLINGSPLAN
FOR
SELJORD KOMMUNE
2009 : 2013**

BAKGRUNN FOR PLANEN

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Seljord kommune

Vedlegg 1: Bakgrunn for planen

Innhald

	Side
Innleiing	3
1. Mål for prosjektarbeidet	4
2. Gjennomgang av eksisterande planar og tiltak	4
2.1 Planhierarkiet	5
2.2 Gjennomgang av planar	5
2.2.1 Viktigaste funn ved gjennomgang av Seljord kommune sine planar	6
2.3 Gjennomgang av prosjekt og tiltak	6
2.3.1 Allmenn førebygging	6
2.3.2 Oppfølging av risikoutsette	7
2.3.3 Oppfølging og rehabilitering av rusmiddelmissbrukarar og pårørande	8
2.3.4 Prosjekt og tiltak	9
3. Rusmiddelsituasjonen i Noreg	11
3.1 Alkohol	11
3.2 Narkotika	12
4. Alkoholomsetjing i Seljord	13
4.1 Sal	13
4.1.1 Sal i daglegvareforretningar (liter vare)	13
4.1.2 Sal frå Vinmonopolet i Seljord (liter varer)	13
4.2 Skjenking	13
4.2.1 Talet på skjenkeløyve	13
4.2.2 Skjenking (liter vare)	14
4.3 Alkoholkonsum under festivalane og Dyrsku'n	14
5. Informasjon frå samarbeidspartar/avdelingar/instansar	15
5.1 Rus-/rusrelatert problematikk	15
5.2 Kjennskap til legale og illegale rusmiddel i Seljord	16
5.3 Vurdering av utviklinga gjennom dei siste 3-5 åra	16
5.4 Pengespel/gaming	17
5.5 Utfordringar i høve til rusproblematikk	17
5.6 Samarbeid i Seljord	18
5.7 Ynskje om opplæring	18
5.8 Innspel til planen	19
5.9 Alkoholpolitikken i Midt- og Vest-Telemark	19
6. Vurdering av rusmiddelsituasjonen i Seljord	19
7. Førebygging – kva har verknad?	21
Litteraturliste	22

Innleiing:

Regjeringa har i ”Opptappingsplan for rusfeltet” (St.prp. nr. 1 2007-2008) som overordna mål å redusere dei negative konsekvensar som rusmiddelbruk har for einskildpersonar og for samfunnet. Det overordna målet delast opp i fem hovudmål/strategiar:

- Tydeleg folkehelseperspektiv
- Betre kvalitet og auka kompetanse
- Meir tilgjengelege tenester og auka sosial inkludering
- Forpliktande samhandling
- Auka brukarmedverknad og betre ivaretaking av barn og pårørande

Kommunane skal etter Alkoholova § 1-7d utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Kommunane vert samstundes oppmoda til å sjå problematikken i høve til alkohol og narkotika i samanheng.

Seljord kommune inngjekk etter invitasjon frå Borgestadklinikken og vedtak i kommunestyret sak 8/08 ei samarbeidsavtale med Borgestadklinikken om bistand til utarbeiding av ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan. Avtala innebar m.a. at kommunen etablerte eit prosjekt i eit år med prosjektleiar/koordinator i 20% stilling og eiga prosjektgruppe. Borgestadklinikken har dekt halvparten av lønskostnadane til prosjektleiar, arrangert seminar og stått for rettleiing i planprosessen.

Prosjektet starta i april 2008 og vart avslutta i juni 2009. Prosjektgruppa/styringsgruppa i Seljord har hatt fylgjande samansetnad:

Kommunalsjef	Kari Gro Espeland
Rådmann	Kristian Torp-Hansen/Per Dehli
Psykatrikoordinator	Anne-Kari Straand Østerberg
Kommunelege 1	Elisabeth Swensen
Ordførar	Solveig Abrahamsen
Sosialleiar	Richard Vaaben Jensen, Prosjektleiar

I tillegg har fylgjande deltatt i ei referansegruppe:

Ambulansetenesta, Avdeling for psykisk helse, Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark, Bedriftshelsetenesta, Bø vidaregåande skule avd. Seljord, Danseband- og Countryfestivalen, Næringslaget, Heimetenestene, Kommunelegane, Lensmannen, Natteramnane, NAV, Ungdomsskulen, Soknepresten, FAU ved ungdomsskulen og Ungdomsrådet. Alle har delteke med opplysningar til arbeidet gjennom ei spørjeundersøking og dei fleste har møtt på referansegruppemøte.

Prosjektgruppa har vore samla 11 gongar. I tillegg har nokre av medlemmene delteke på seminar med Borgestadklinikken. Referansegruppa har vore samla 2 gongar.

Innspel til planarbeidet har m.a. kome frå referansegruppa, etter presentasjon i kommunestyret og på eit rektormøte. Planarbeidet har vidare vore omtala i media og publikum har blitt oppmoda til å kome med innspel.

Eit framlegg har vore ute på høyring 2 – 27. februar -09. Høyringsuttalane er gjennomgått av prosjektgruppa og planframlegget er justert etter innspel.

Seljord august 2009

Richard Vaaben Jensen
prosjektleiar

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Seljord kommune

Bakgrunn for planen.

1. Mål for prosjektarbeidet, prioriteringar og avgrensingar

Prosjektgruppa har hatt som overordna mål at planen skal bli eit styrande verktøy i rusmiddelpolitiske val.

Prosjektgruppa bestemte elles at arbeidet skulle konsentrere seg om fylgjande kartlegging:

- Gjennomgang av eksisterande planar og tiltak for betre samordning og kvalitetssikring.
- Gjennomgang av alkoholomsetjinga i Seljord
- Innhente informasjon frå ulike samarbeidspartar/instansar.
- Innhente informasjon frå nabokommunar om skjenketider, ruspolitiske utfordringar m.v.

Ein valde å ikkje gjennomføre nokon ungdomsundersøking. Grunngeving for dette var m.a.

- Ungdomsgruppa er så lita at det kan være fare for at sensitive opplysingar kan sporast tilbake til informantane.
- Ein har ingen indikatorar på at ungdomsgruppa i Seljord skil seg nemneverdig frå ungdom andre stader i landet.
- Ein har lita tru på at ei ungdomsundersøking vill bringe opplysingar som ein ikkje vil få tak i av annan veg.

Ungdomsrådet er blant informantane til planarbeidet.

2. Gjennomgang av eksisterande planar og tiltak

Eit rusproblem vil på ein eller annan måte ha innverknad på dei fleste område i samfunnet, likeeins vil gode førebyggjande strategiar krevje innsats på fleire område.


Ein rusmiddelpolitisk handlingsplan må som fylgje av dette bli ein sektorovergripande og koordinerande plan.

Planar har blitt utarbeida og tiltak igangsatt ut frå den einskilde sektor/avdeling sine behov. I Seljord kommune finst det ei rekkje planar og tiltak som inneheld element som naturleg kan og bør inngå i ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Prosjektgruppa fann det naudsynt å gjennomgå eksisterande planar og tiltak for å få oversyn over det som er på plass og kva som ev. mangla. Vidare ev. å kome med innspel til rullering av andre planar der dette måtte være naturleg.

2.1 Planhierarkiet

Prosjektgruppa utarbeida ei skisse på korleis ein ynskjer at planhierarkiet ideelt sett bør sjå ut: (Delplanar, prosjekt, retningslinjer som her er tatt med er døme i planhierarkiet)



Prosjektgruppa meiner at:

- Alle delplanar skal være forankra i kommuneplanen.
- Prosjekt/tiltak, retningslinjer, underordna planar m.v. skal være forankra i ein eller fleire delplanar.
- Samstundes må det være eit system for samhandling/koordinering og implementering av sentrale mål.

2.2 Gjennomgang av planar

Prosjektgruppa har gjennomgått fylgjande av Seljord kommune sine planar:

- Kommuneplan for Seljord 2006 – 2021, Langsiktig del.
- Delegasjonsreglement for Seljord kommune 2007
- Opplæringsplan for Seljord 2006 – 2009
- Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune 2007 – 2011
- Verksemdsplan for grunnskulen 2007/2008
- Kommunal plan for haldningsskapande arbeid i grunnskulen i Seljord
- Handlingsplan for flyktningkontor og vaksenopplæring i Seljord 2006 – 2008.
- Plan for trivsel og oppvekst 2005 – 2009
- Bustadsosial handlingsplan 2007
- Revidert plan for psykisk helse i Seljord kommune 2007 – 2010
- Kulturplan
- Alkoholpolitiske retningslinjer for Seljord kommune 2006.

2.2.1 Viktigaste funn ved gjennomgang av Seljord kommune sine planar

- Det er eit rimeleg godt samsvar mellom dei fleste av kommunen sine planar. Planane er prega av heilskapstenking og samordning. Tverrfagleg samhandling går igjen i fleire av planane.
- Å realisere vedtekne nasjonale og kommunale mål går igjen som mål i ein del planar.
- Arbeid med ein ny kulturplan er sett i gang.
- Plan for haldningsskapande arbeid i grunnskulen må reviderast. Arbeidet er igangsatt.
- Einskilde planar treng litt justering, spesielt i høve til mål i kommuneplanen.
- Det trengs litt meir overordna styring i det kommunale planarbeidet for å oppnå ein større grad av samsvar og kvalitetssikring.

Prosjektgruppa finn ikkje grunnlag for ytterlegare innspel til det kommunale planarbeidet.

2.3 Gjennomgang av prosjekt og tiltak

Ein gjennomgang av prosjekt og tiltak som rettar seg mot rusmiddelproblematikken direkte eller indirekte vil aldri kunne bli 100%, då ein på ingen måte klarer å fange opp alle dei små biter som har ein positiv effekt aleine eller i samhandling med andre tiltak. Innsatsen i Seljord kommune er stor både i det friviljuge organisasjonslivet og i det offentlege teneste og hjelpeapparatet og vil variere over tid.

Denne delen skildrar kommunen sine strategiar og tiltak som er med på å redusere rusmiddelproblema. (Medio 2009)

2.3.1 Allmenn førebygging

Allment førebyggjande tiltak rettar seg mot alle i kommunen eller store uselektera grupper t.d. ungdomsskuleelevane eller foreldragruppa.

Fritidstilbod til barn og unge

Seljord kommune har ikkje offentlege fritidstilbod til barn og unge ut over kulturskulen og eit kommunalt tilskot til eit klubbtilbod annan kvar fredag på Granvin.

Granvin kulturhus er ein naturleg møteplass for mange både unge og vaksne på grunn av idrettshallen, kulturskulen, kino, internettkafé og lagsaktivitetar for alle aldersgrupper.

Kommunen dekkjer ein vesentleg del av kulturhuset sine utgifter gjennom leige av idrettshallen og kulturskulelokalar samt eit årleg tilskot til drift.

Lag og foreningar rundt om i kommunen står elles for det som finst av fritidsaktivitetar og tilbod. Kommunen støtter dette arbeidet gjennom tildeling av kulturmidlar.

Førebyggjande arbeid i barnehage og i grunnskulen

Barnehagane og skulane er sentrale i det haldningsskapande arbeidet, noko som gjenspeglast i lærarplan og i fagplanar som naturfag, RLE (religion, livssyn og etikk) og samfunnsfag.

Førebyggjande tiltak er ein del av undervisninga på mellomtrinnet.

7. klasse er saman med foreldra med i prosjektet "Kjærleik og grensar"

Ungdomsskulen har eige program i 9. klasse der to elevar deltek på Juvente helgesamling og deretter organiserer temaarbeid i klassene.

Mobbing er eit tema alle klasser er innom årleg.

Alle arrangement i regi av skulen skal være heilt rusfrie.

Vidaregåande skule

Bø vidaregåande skule avd. Seljord har både handlingsplan – rusførebyggande arbeid, handlingsplan ved akutte situasjonar og handlingsplan for oppfølging av den einskilde eleven og klasse.

Skulen startar hausten-09 eit prosjekt "Det gode hybelliv" i samarbeid med folkehelsekoordinator i Seljord og ungdomshelsesyster. Prosjektet skal setje fokus på dei spesielle utfordringar hybelevar og dei føresette har med omsyn til kosthald, livsstil og fråvær.

Helsetenesta

Ungdomshelsesyster har undervisning om rus med vekt på alkohol i 10 klasse.

I 10 klassesamtala har ungdomshelsesyster samtale med kvar einskild elev. Bruk av rusmiddel blir tatt opp som tema.

Ungdomshelsesyster deltek årleg på foreldremøte på ungdomsskulen med tema unges alkoholbruk og foreldras plikt i høve til unges rusbruk.

Kommunen sin alkoholpolitikk

Målet med dei alkoholpolitiske retningslinjer er at sal og skjenking skal skje i ryddige og kontrollerte former i samsvar med Alkohollova sin målsetjing.

Kommunen har ikkje satt tak på talet av løyver, men vurderer før tildeling m.a. plassering og konsept.

Alle løyver blir kontrollerte og det blir sett vilkår om internkontroll og innsending av årsoppgåve. Løyvehavarane plikter å møte på eit årleg møte med kommunen og lensmannen.

2.3.2 Oppfølging av risikoutsette

Blant risikoutsette er dei som har ein definert risiko, der det er grunn til bekymring for eller der det er fare for utvikling av meir alvorlege problem.

Barnehage og skule

Dersom barnehagen/skulen får kjennskap til eller har mistanke om rusmiddelmissbruk eller andre problem hjå dei føresette som gjer at dei ikkje kan taka vare på barna sine i tilstrekkeleg grad, blir det sendt ei bekymringsmelding til barnevernet.

Dersom skulen har mistanke om rusmiddelmissbruk hjå ungdom blir det i fyrste omgang tatt opp med dei føresette.

Ofta vil kontaktlærer/sosiallærer, helsesyster m.v. bli involverte

Helsetenesta

Når ungdomshelsesyster eller helsestasjonslegen avdekkar eit rusmiddelproblem vil foreldra til ungdom under 18 år bli underretta. Ungdom over 18 år blir oppmoda til å taka problemet opp med fastlegen.

Ved rusmiddelproblem hjå føresette som går ut over omsorga til barna, blir barnevernet kontakta.

Barnevernet

Barnevernet skal etter å ha mottatt ein bekymringsmelding vurdere omsorgssituasjonen til det einskilde barnet og ev. setje i gang hjelpetiltak.

Barnevernet har eit særskild ansvar for barn som har synt alvorlege åtferdsvanskar.

Politiet

Politiet gjennomfører bekymringssamtaler med foreldra, barnevern og andre om barn/unge som "flørtar" med rusmiddel.

Politiet sender bekymringsmelding til barnevernet om føresette blir tatt for straffbare handlingar. Politiet har nulltoleranse for narkotika.

NAV

Utformer spesialtilpassa opplegg for einskildpersonar t.d. kvalifiseringsprogrammet og attføring. I tillegg kjem økonomiske stønadsordningar, økonomisk rådgjeving, støttesamtaler, avklaring m.v. Ved kjennskap til eller mistanke om misbruksproblematikk hjå føresette blir det sendt melding til barnevernet.

2.3.3 Oppfølging og rehabilitering av rusmiddelavhengige og pårørande

Kommunen har i følge sosialtenestelova og kommunehelsetenestelova ansvar for å hjelpe den einskilde ut av rusmiddelavhengighet gjennom råd, rettleiing og eller å skaffe eigna behandlingsslass.

Etter sosialtenestelova har kommunen også ansvar for naudsynt oppfølging i bustad, oppfølging på økonomi, tilrettelegging av aktivitet og hjelpetiltak i samarbeid med den rusmiddelavhengige.

På tilsvarande måte skal det også gjevast råd, rettleiing og hjelp til vedkomandes familie.

Kommunen har vidare ansvar for å vurdere bruk av tvangsheimel i høve rusmiddelavhengige der omfattande misbruk sett eiga helsa i fare eller gravide som utsett fosteret for fare.

Bekymringsmeldingar frå hjelpeapparatet eller frå pårørande om omfattande misbruk skal undersøkjast og vurderast i høve til bruk av tvang.

Rutiner for samhandling rundt rusmiddelavhengige og deira pårørande inngår som vedlegg til Rusmiddelpolitisk handlingsplan.

NAV

NAV har ansvar for m.a. støttesamtaler, trygd eller mellombelse stønadsordningar, supplerande stønad, gjeldsrådgjeving, økonomistyring, hjelp til å behalde eller skaffe bustad, arbeidsevnevurdering, koordinering av ansvarsgruppe, individuell plan, tiltak for pårørande, henvisning til rusbehandling og oppfølging før, under og etter behandling og ansvar i tvangsbehandlingssaker.

Lege

Fastlege utfører støttesamtalar for rusmiddelavhengige og pårørande, gjev medisinsk oppfølging, tek blodprøvar eller urinprøvar som kontrolltiltak, henvisar til spesialistbehandling, møter i ansvarsgruppe.

I Seljord står helsesentret for utlevering av metadon.

Psykisk helse

Psykisk helse utfører støttesamtalar for rusmiddelavhengige og pårørande, koordinerer ansvarsgrupper og individuell plan og gjev oppfølging i heimen.

Heimetenesta

Heimetenesta kjem inn med t.d. heimehjelp, heimesjukepleie og hjelp til administrering av medisin.

2.3.4 Prosjekt og tiltak

Følgjande er ein kort gjennomgang av prosjekt og tiltak i Seljord kommune. Dei allmenne tiltaka kjem fyrst:

Folkehelseprogrammet

Seljord kommune har teikna partnerskapsavtale med fylkeskommunen om deltaking i folkehelseprogrammet ut 2009. Kultursjefen er lokal koordinator. Målet er og førebygge livsstilsjukdommar gjennom fokus på kosthald, fysisk aktivitet, bruk av tobakk og rusmiddel m.v.

Frivilligsentralen

Seljord raude kross driv frivilligsentralen med tilskot frå Seljord kommune og har tilsett ein dagleg leiar. Målet er å mobilisere og koordinere ressurspersonar til friviljug innsats.

Kurs for fyrstegongsforeldra

Helsesyster i Seljord tilbyr saman med helsesyster i Kviteseid årlege kurs for fyrstegongsforeldra etter opplegg frå Helsedirektoratet.

Kjærleik og grensar

Eit førebyggjande prosjekt for elevar og føresette 7. klasse. Prosjektet går over 8 gangar med opplegg for elevane på dagen og opplegg for foreldra på kvelden. (einskilde gangar deltek elevane også på kvelden) Prosjektet handlar i stor grad om å være førebudd på ungdomstida. Ansvar for prosjektet ligg hjå helsesyster for ungdom.

Nattramnar i Seljord sentrum

Synlege vaksne vandrar i sentrum spesielt i samband med festivalar og høgtidshelger. Rektor ved ungdomsskulen kallar i samarbeid med FAU inn til oppstartmøte og opplæring kvar vår. Koordinator for rusomsorg og Lensmannen hjelper til med tilrettelegging av tiltaket. Nattramnane har eiga styre.

Dialogkonferanse i møte mellom ungdom, foreldra og politikarar.

Jf. Plan for trivsel og oppvekst skal det årleg gjennomførast ein dialogkonferanse med eit aktuelt ungdomstema. Ansvarleg: rektor ved ungdomsskulen – i samarbeid med elevrådet, FAU, NAV, barnevernet m.v.

Det gode hybelliv

Eit samarbeidsprosjekt mellom Bø vidaregåande skule, avd. Seljord, folkehelsekoordinator i Seljord og ungdomshelsesyster. Prosjektet startar hausten 2009 og skal setje fokus på dei spesielle utfordringar hybelevar og dei føresette har med omsyn til kosthald, livsstil og fråvær.

Kveldstilbod på Granvin

Ungdomsstyrte aktivitetar annankvar fredag i vinterhalvåret for ungdom 13 – 18 år. Ungdomspresten driv tilbodet i saman med friviljuge vaksne. Ansvarleg for tiltaket er kultursjefen.

Helsestasjon for ungdom

Målgruppe er ungdom 13 – 23 år. Helsestasjonen er eit gratistilbod, open ein ettermiddag i veka med ungdomshelsesyster og lege.

Opne informasjonsmøte

I følge *Plan for trivsel og oppvekst* skal det årlege være eit opent informasjonsmøte med ulike tema relatert til ungdom. Tema har m.a. vore rusmiddelproblematikk i Seljord og ungdom og speleavhengighet. Ansvarleg for tiltaket er Koordinator for rusomsorg.

Møte med løyvehavarar

Eit årleg møte mellom løyvehavarar, lensmannen og kommunen erstattar ein av dei årlege sals- og skjenkekontrollar. Tema på møtet er gjennomgang av aktuelle sider ved lovverket, kommunale føringar, ordensmessige problem og utveksling av erfaringar. Ansvarleg: Koordinator for rusomsorg.

Politiråd

Det er etablert Politiråd i Seljord. Dette er ein arena for betre kontakt mellom politiet og den politiske leiinga. Målet er ein felles forståing av situasjonen og søkje å finne løysingar som kan motverka ein negativ utvikling. Møte haldast to gongar i året. Ansvarleg: ordføraren.

Gruppe for kriminalitetsførebyggande tiltak

Lensmannen kallar 1-2 gongar i året inn til eit tverrfagleg møte for drøfting og samordning av tiltak. Deltakarar er politiet, NAV, barnevernet, helsetenesta, psykisk helse, ungdomsskulen og vidaregåande skule.

Tverrfagleg samarbeidsgruppe for barn og unge

Tverrfagleg samarbeidsgruppe skal bidra til å fange opp bekymringssaker på eit tidleg tidspunkt, og samordne løysingar som er til beste for den einskilde. Det vert jobba individuelt med barn/unge og med saker av meir generell karakter.

Grappa leiast av ungdomshelsesystemer. Med i gruppa er også PP-tenesta, lege, psykisk helse og barnevernet.

Kriseteam

Koordineringsansvaret for kriseteamet er lagt til leiar av avdelinga for psykisk helse. Med i teamet er kommunelege, lensmann, soknepresten, barnevernet og pedagogisk konsulent. Teamet aktiverast ved alvorlege hendingar.

Gjeldsrådgeving

Kommunane i Vest-Telemark har tilsett ein felles gjeldsrådgevar. Målet er å hjelpe brukarar til ein betre oversikt over økonomien og å kome fram til gode ordningar for betjening av gjelda, ev. gjeldsordning.

Seljord kommune har påtatt seg arbeidsgjevaransvaret. Gjeldsrådgevaren har sin arbeidsplass på NAV-kontoret.

Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet er eit aktiveringstiltak for mottakarar av økonomisk sosialhjelp organisert under NAV. Seljord kommune har 6 plassar og har inngått ei avtale med Seljord Personal om gjennomføring av tiltaket.

Bustadsosiale tiltak

Seljord kommune har i samarbeid med dei øvrige Vest-Telemark kommunar utarbeida ein bustadsosial handlingsplan. Behovet for bustader til ulike sosiale føremål er stort i Seljord. Ei prosjektgruppe samansett av politikarar, brukarrepresentant og fagpersonar jobbar med å realisere ulike bustadprosjekt. Koordineringsansvaret er lagt til koordinator for rusomsorg.

Snakk om det – ikkje berre snakk

Målet med prosjektet er å redusere konsekvensane av rus og/eller psykiatri hjå barn og unge som veks opp i heimar der dette er eit problem og å utvikle leiarkompetanse og tverrfagleg samarbeid innan rus/psykisk helse. Ansvaret for prosjektet ligg hjå leiar for avd. psykisk helse.

Livsmeistring og sosial inkludering

Eit tre-årig prosjekt med tilskot frå Staten til ein prosjektmedarbeidar. Prosjektet startar hausten 2009. Målgrupper er dei som på grunn av rus, psykiske eller andre sosiale vanskar har problem med å meistre kvardagen. Hovudfokus skal være på familiar med barn og på brukarar under 30 år. Målet er trygge og gode dagar. Prosjektet er organisert under NAV.

Samarbeidsavtale på tenestenivå innan psykisk helse og rus/avhengighet

Blefjell sjukehus og kommunane i opptaksområdet har utarbeida ei samarbeidsavtale med mål å sikre brukaren eit heilskapleg tenestetilbod med vekt på brukarmedverknad, beskrive ansvarsfordeling, og bidra til betre ressursutnytting.

Prosjektgruppa vurderer det slik at dei registrerte tiltak og prosjekt ligg på eit realistisk nivå i høve til lovpålagte oppgåver og ressurs. Saman dekkjer dei kommunale tenestene og tiltaka dei fleste områder frå allment førebyggjande tiltak til tiltak for rusmiddelavhengige og pårørande.

Prosjektgruppa rår til at dei kartlagde prosjekt og tiltak takast med i den rusmiddelpolitiske handlingsplanen som ein del av kommunen sine strategiar og tiltak for å nå målsetjinga med planen.

3. Rusmiddelsituasjonen i Noreg.

For å kunne vurdere rusmiddelsituasjonen i Seljord, vil det etter prosjektgruppa sitt syn være naudsynt med ei lita gjennomgang av nokon sentrale tal frå landsundersøkingar. Som kjelde har ein m.a. nytta ”Rusmidlar i Noreg”, *Sirus 2007*.

3.1 Alkohol

Største parten av alkoholkonsumet kjem frå registrert innlands omsetnad.

Konsumet har auka jamt frå rundt 4,0 l. rein alkohol pr innbyggjar over 15 år i 1967 til 6,37 l. i 2005. I tillegg kjem konsumet av uregistrert alkohol, lovleg og ulovleg t.d: konsum i utlandet, tollfrie kvoter, heimeproduksjon og smugling.

Auke i alkoholkonsumet skuldast fleire faktorar m.a:

- Endringar i drikkemønstret frå relativt sjeldne drikkepisodar med forholdsvis stort alkoholinntak til i tillegg eit meir kontinentalt drikkemønster med vin til maten.
- Endringar i ferie og reisevanar.
- Generelt betre økonomi blant folk.
- Monaleg liberalisering med omsyn til tildeling av sals- og skjenkeløyver.

Årlege ungdomsundersøkingar syner at gjennomsnittalderen for alkoholdebut gjennom dei siste 15-20 åra har vore på rundt 14,5 år. (Det spores ein liten positiv auke i debutalderen). Konsumet i aldersgruppa 15-20 år har frå 1990 til 2007 auka frå 4,02 til 5,73 l. rein alkohol for gutar og frå 2,08 til 4,10 l. rein alkohol for jenter.

Auken i konsumet skuldast m.a. at alkohol har blitt meir tilgjengeleg, fleire pengar blant ungdom, auka aksept for bruk av alkohol og endringar i dei vaksnes drikke-mønster.

Alkohol er framleis det største rusproblemet her i landet:

- Kvart fjerde dødsfall blant unge menn er alkoholrelatert.
- Alkohol tek nesten 10 gongar så mange liv kvart år som narkotika.
- Auke i konsumet blant jenter er ei særskild utfordring:
 - Uynskt sex/graviditet, seksualisert vald, uynskt åtferd m.m.
 - Alkoholens verknad på fosteret

3.2 Narkotika

I Noreg har talet på aktive injiserande narkotikaavhengige i dei seinare åra vore rekna som stabilt på rundt 11-15.000. Det sporast ein viss nedgang i bruken av ecstasy og opiatar og det ser ut for at auken i talet på brukarar av cannabis og amfetamin har flata noko ut. Samstundes meldast det om auke i illegalt bruk av Temgesic, Subutex og Metadom.

Talet på overdosedødsfall ligg høgt i Noreg samanlikna med andre land, men med ein betydeleg nedgang i dei seinare åra. Denne nedgangen skuldast m.a. ein betydeleg satsing på legemiddelassistera behandling (LAR) og satsing på lågterskel helsetilbod.

Cannabis/hasj er det narkotiske stoffet flest ungdom i alderen 15-20 år rapporterer å ha brukt. På landsplan rapporterte 8% i 1990 at dei nokon gong hadde bruka cannabis. Talet auka til 18,8% i år 2000. Sidan då har det vore ei nedgang til 11,0% i 2007. Nedgangen har jf. medieoppslag også halde fram i 2008.

Same tendensen ser ut for å gjelde for ein del andre narkotiske stoffar som ungdom rapporterer nokon gong å ha bruka:

Prosent av ungdom i Noreg 15-20 år som oppgjev at dei nokon gong har bruka forskjellige stoff.

Stoff	1990	2000	2007
Cannabis/hasj	8,0	18,8	11,0
"Sniffet"	8,3	6,7	5,5
Amfetamin og liknande	1,2	3,9	3,2
Kokain/crack	0,5	2,5	2,4
LSD (1994)	0,4	1,8	0,6
Ecstasy (1994)	0,3	3,0	1,8
GHB (2001)	-	1,1	0,6
Heroin og liknande	0,5	0,6	0,6
Tatt stoff med sprøyte	0,3	1,6	0,6

Årstal i parentes gjeld eldste dataregistrering. (Kjelde: Sirius; Rusmidlar i Noreg 2007)

4. Alkoholomsetjing i Seljord.

Prosjektgruppa har vald å sjå litt grundigare på alkoholomsetjinga i Seljord, då dette ikkje tidlegare har vore gjort.

4.1 Sal

Ei gjennomgang av tala frå den årlege omsetnadsoppgåva frå løyvehavarane syner fylgjande alkoholomsetnad i Seljord kommune:

4.1.1 Sal i daglegvareforretningar (liter vare)

	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Gruppe 1: øl/rusbrus 4,7%	178.684	178.497	196.605	192.635	197.254	217.553

Pr. 01.06.09 har 5 daglegvareforretningar + Seljord Vin salsløyve. Fram til 2005 hadde 7 daglegvareforretningar salsløyve. Sidan då har to butikkar stengt. Seljord Vin fekk salsløyve for egne produkt (gruppe 1) i 2007.

Sal av øl/rusbrus har auka med om lag 22% i løpet av dei siste 6 registrerte åra.

4.1.2 Sal frå Vinmonopolet i Seljord (liter vare)

	2006	2007	2008
Gruppe 2: sterkøl, vin og sterkvin	17.000	46.000	52.000
Gruppe 3: brennevin	6.000	17.000	18.000

Det er til nå berre omsetjingstal frå to heile driftsår etter at Vinmonopolet i Seljord vart opna i 2006.

Seljord-polet har hatt ei omsetjingsauke på 12,2% frå 2007 til 2008. På landsplan var tilsvarande auke 3,9%.

Handlevanar er ikkje kartlagt med omsyn til kor folk handla polvarer før etableringa, kor kundane til Seljord-polet kjem frå og om Seljord-folk handlar fleire polvarer nå enn tidlegare.

4.2 Skjenking

4.2.1 Talet på skjenkeløyver.

Løyve typer	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Gruppe 1 + 2	3	3	3	3	4	5
Gruppe 1 + 2 +3	9	9	9	10	13	13
Ialt	12	12	12	13	17	18

Talet å skjenkestader har auka i løpet av dei siste 6 åra.

Festivalane har løyve for ei avgrensa tid av året. Eit løyve gjeld for kulturhuset ved arrangement.

5 av løyva kan i hovudsak karakteriserast som pub, 10 av løyva har servering av mat + ev. overnatting som ein vesentleg del av konseptet.

10 av skjenkestadene hel berre oppe ved arrangement, ved spesielle høve eller i deler av året.

4.2.2 Skjenking (liter vare)

	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Gruppe 1: Øl/rusbrus	42.774	51.339	53.274	61.652	63.704	73.381
Gruppe 2: sterkøl og vin	3.145	3.388	3.267	4.102	4.992	4.345
Gruppe 3: brennevin	832	833	874	763	902	717

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1(øl m.v.) har auka med vel 70% gjennom dei siste 6 åra. Skjenking gruppe 2 (sterkøl/vin mv.) har auka med om lag 40 %, medan skjenking av brennevin (gruppe 3) har variert litt opp og ned og synast totalt sett ikkje å auke.

4.3 Alkoholkonsum under festivalane og Dyrsku'n


Ølsalet i daglegvarebutikkane i Seljord var i 2007 under Dansebandfestivalen 3 gongar større enn i ei gjennomsnittsveke. Under Countryfestivalen var ølsalet 8 gongar større.

Ein stor del av den totale omsetjingsauka på sal av øl i Seljord kan tilskrivast auke i publikum under festivalane.

Skjenking av øl og rusbrus under Country- og Dansebandfestivalane har auka i takt med publikumstalet og utgjer om lag 2/3 av det som skjenkast gjennom eit år i Seljord. Skjenkinga utgjer likevel under 1 l. øl/rusbrus pr. festivaldeltakar.

På dei øvrige løyva i Seljord har skjenking av øl/rusbrus stort sett vore uforandra gjennom dei siste 6 åra.

Den registrerte auke i alkoholskjenking gruppe 1 og 2 i Seljord kan i hovudsak tilskrivast auke i publikumstilstrøyming under festivalane og skjenking på festivalområdet.



Samla besøkstal på festivalane 2003 - 2008						
	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Countryfestivalen	19.951	17.476	20.754	24.284	31.346	32.950
Dansebandfestivalen	13.272	18.781	17.413	19.156	17.918	20.634
Ialt	33.223	36.257	38.167	43.440	49.264	53.584

Prosjektgruppa vil understreke at festivalleiinga gjer eit stort arbeid for å halde ro og orden under festivalane og har ingen merknadar til korleis skjenkeløyva blir handtera.

Alkoholkonsumet under Dyrsku'n er ikkje kartlagt.

Problemet som gjentakande gangar har vore fokusert er ungdom som blir værande ute av di dei ikkje er gamle nok til å kome inn på utestadane.

Det har vore forsøkt med alkoholfrie tilstellingar på Granvin. Oppslutnaden på arrangementet har vore sers dårleg, medan ungdom har samla seg på utsida. Granvin kulturhus har difor gjeve opp å gjennomføre denne typen arrangement.

Natteramnane og politiet har eit særskild fokus på dette problemet.

5. Informasjon frå samarbeidspartar/avdelingar/instansar

Til innhenting av informasjon frå ulike samarbeidspartar/avdelingar/instansar valde ein å taka utgangspunkt i og omarbeide nokon spørjeskjema utlevert frå Borgestadklinikken.

Skjemaa vart utforma slik at kvar avdeling/instans (vidare kalla informantane) fekk nokon spørsmål spesielt til seg samt nokon spørsmål av generell karakter.

17 ulike informantar har motteke eit spørjeskjema, 16 har svara.

Undersøkinga gav mange interessante funn. Prosjektgruppa rår til at ein ved ev. seinare undersøkingar revidere spørsmåla til legane og politiet, då det synte seg å vera vanskeleg å svar på alle spørsmåla utan eit betydeleg meirarbeid.

Det er gjort fleire forsøk på å definere kva eit rusproblem er, utan at det har kome ein klar og eintydig definisjon på dette. I samband med ei ev. ny tilsvarande undersøking kan det være nyttig å definere klarere kva ein legg i omgrepa.

Undersøkinga kan ev. gjennomførast som intervju.

5.1 Rus-/rusrelatert problematikk

Ein del informantar fekk spørsmål om kor mange av brukarane/pasientane som har eit registrert rus/rusrelaterte problem?

Fleire avdelingar/instansar fører lite eller ingen statistikk på rus- og rusrelatert problematikk.

Det er skilnadar på kva som blir registrert og korleis rus- og rusrelatert problematikk blir registrert. Fleire personar er registrert på fleire avdelingar/instansar.

Dersom vi skal få fram tal på kor mange vi samla sett talar om, vil det være naudsynt med eit særskild løyve frå Datatilsynet.

Prosjektgruppa meiner ikkje at dette vil ha nokon hensikt i samband med denne planen.

Det ville samstundes være eit problem å handtere ein slik type opplysningar tilstrekkeleg konfidensielt i ein liten kommune som Seljord.

Oppgave frå politiet, barnevernet og sosialtenesta/NAV syner og understrekar at eit rusproblem fører til alvorlege problem for langt fleire enn misbrukaren sjølv. Oppgave frå psykisk helse og sosialtenesta/NAV syner at rusproblematikk og psykiske problem ofte fylgjast. Alkohol er det rusmiddel som oftast går igjen som rusmiddel jf. oppgave frå sosialtenesta/NAV. Politi og lege stadfestar dette.

5.2 Kjennskap til legale og illegale rusmiddel i Seljord

Informantane fekk spørsmål om kva kjennskap dei hadde til førekomst og til problematisk bruk av legale og illegale rusmiddel i Seljord? Dei innkomne svara er samla i fylgjande skjema:

	Ikkje kjennskap	Kjennskap til bruk, førekomst sporadisk eller permanent problem, omfang m.v.
Legal alkohol		Permanent problem, auke blant unge jenter
Illegal sprit		Få meldingar om dette dei siste åra
Cannabis/Hasj		Permanent og aukande problem
Amfetamin		Permanent problem (aukande ?)
Kokain/ crack		Sporadisk førekomst
Ectasy/ GHB		Sporadisk førekomst
Heroin		Sporadisk førekomst
Andre narkotika	X	
Anabole steroider		Lite meldingar, men vet det finst
Div. legemiddel		Permanent problem
Anna		Sniffing har førekome, ingen meldingar dei siste åra

Informantane utanfor hjelpeapparatet hadde i liten grad kjennskap til illegale rusmiddel i Seljord. Vi veit at bruken av illegale rusmiddel er eit problem i Seljord, men problemet er openbart lite synleg utanfor miljøa og hjelpeapparatet.

Observert auke i drikking blant unge jenter stemmer med funn frå sentrale ungdomsundersøkingar.

Prosjektgruppa gjer framlegg om at ein skal ha eit særleg fokus på bruk av rusmiddel blant jenter.

5.3 Vurdering av utviklinga gjennom dei siste 3-5 åra

Informantane fekk vidare spørsmål om korleis dei vurderte utviklinga med rus- og rusrelatert problematikk gjennom dei siste 3-5 åra. Svara kan oppsummerast i tre punkt:

- Dei fleste vurderer problema som aukande
- Einskilde vurderer problema som relativt konstante – ingen dramatiske endringar
- Det rapporterast om ein liten nedgang i problematikken blant ungdom. Ungdomen sjølv tek avstand.

Prosjektgruppa finn det på sin plass å spørje om vi opplever ei auke i rus- og rusrelaterte problem på grunn av fokuset m.a. i media?

5.4 Pengespel/speleavhengighet

Det blei også spurt om informantane opplevde problem knytt til pengespel hjå vaksne og hjå ungdom og til nettspel og gaming. Svara er oppsummera i to punkt:

- Pengespel blant vaksne og ungdom er ikkje eit like stort tema nå som før automatane vart fjerna.
- Nettspel og gaming har truleg større omfang enn det vi har oversikt over.

Grunnen til at ein har tatt speleproblematikk med i ein rusmiddelpolitisk handlingsplan er at avhengighet til spel har likskap med rusavhengighet og at ein stort sett kan nytte same behandlingsstrategiar.

Seljord har ingen spesielle tiltak mot pengespel/gaming. Prosjektgruppa meiner at personar med problem på dette området får hjelp gjennom det ordinære hjelpeapparatet. Som eit førebyggjande tiltak gjer prosjektgruppa i dei alkoholpolitiske retningslinjer framlegg at det ikkje skal være pengespelautomatar på stader med sals eller skjenkeløyve.

Det blei i 2007 gjennomført to fagdagar med fokus på gaming (spel på nettet). Det var eit eige opplegg for elevane i ungdomsskulen, open møte for foreldra på kvelden og seminar for tilsette innan ulike avdelingar i kommune dagen etter.

5.5 Utfordringar i høve til rusproblematikk

Det blei spurt om kva som blir vurdert som dei viktigaste utfordringar i høve til arbeidet med rusproblematikk. Innkomne svar er sortert etter tema:

- Eit rusproblem vert ofte halde skjult.
- Eit problem er vanskeleg å avdekke hjå dei som ikkje sjølv bring dette opp som tema.
- Det er ei utfordring å få den einskilde til å erkjenne at han/ho har eit problem.

- Det er vanskeleg å få samarbeidet mellom alle deler av tenesteapparatet til å fungere optimalt. – Dette gjeld også samarbeidet mellom 1. – 2. linje
- Manglande kapasitet og ventetid på behandlingssassar vanskeleggjer arbeidet. Personar med dobbeltdiagnose hamner ofte mellom to stolar: Psykiatrinstitusjonane tek dei ikkje på grunn av rusen og rusinstitusjonane tek dei ikkje på grunn av psykiatrien.
- Kva gjer ein når ein brukar ikkje tek imot eit tilbod?

- Det er ei utfordring å få alle deler av hjelpeapparatet (både 1. og 2. linje) til å sjå konsekvensane av rusavhengighet hjå pårørande (barn, ektefelle, foreldra etc.)
- Å jobbe med rusproblematikk inneber m.a. å jobbe med relasjonar over tid. Utfordringa er å ha tilstrekkeleg ressurs og prioriteringar over tid.
- Eit rusproblem gjev ofte utslag på familieøkonomien. Temaet er for fleire vanskeleg å gå inn i. Arbeidet krev både kompetanse og ressurs.
- Rusmisbrukarar har ofte vanskar med å få tilgang på bustadmarknaden. Det er stor mangel på bustader i Seljord og kapasitet til oppfølging.
- Det er ikkje alltid lett å sjå når ein person er rusa. Ein skulle gjerne vite litt meir om kjenneteikn.

- Det kan ofte oppstå problem når Seljord-ungdom reisar på utanbygds arrangement eller flytt på hybel – bort frå foreldra og nærmiljøet sin kontroll.
- Campingområda på festivalane er ikkje offentleg område – dette vanskeleggjer kontroll og handheving.

Dei utfordringar som informantane vurderer som dei viktigaste dekkjer eit breitt spekter av dei generelle utfordringar på russektoren.

Mesteparten er innan dei kommunale prioriteringar. Prosjektgruppa meiner at utfordringane langt på veg blir fanga opp i planen eller i rutiner for samhandling.

5.6 Samarbeid i Seljord

Informantane blei også bedt om å svare på om dei sakna noko i høve til samarbeid.

- Barnevernet får generelt få meldingar som inneheld faktoren rus. Der er eit ynskje og ei oppmoding til større fokus på dette temaet også i barnefamiljar.
- Det er uttrykt eit ynskje om litt meir openheit kring misbrukarar - Teieplikta er for "taus" og hindrar utveksling av naudsynt informasjon.
- Det er eit ynskje om at barnevernet og den tverrfaglege gruppa måtte bli litt meir handlings- og resultatorientert

Det har kome få innspel på kva som saknast i høve til samarbeid. Tilbakemeldingane går i hovudsak på eit godt samarbeid i Seljord.

Teieplikta sett grensar for kva informasjon som kan utvekslast.

Prosjektgruppa meiner at samarbeid i Seljord er godt ivaretatt av dei ulike tenestene og gjennom dei ulike prosjekt og tiltak som er tatt med under kap. 2.3 og i samhandlingsrutiner rundt rusmiddelavhengige og pårørande.

5.7 Ynskje om opplæring

Vi spurte også om informantane hadde behov for/ynskje om opplæring og ev. kva tema.

Innspel er sortert etter tema:

- Basiskompetanse på rus.
- Kjennskap til rusmiddel. Forskjellige symptom på bruk av ulike stoffar.
- Meir kompetanse på kartlegging.
- Kva er fag – kva er moralisme?
- Avklaring av ansvar under behandlingsforløp.
- Borgestadklinikken sitt arbeid.
- Faste møteplassar på tvers av avdelingane.
- Oppfrisking av lovar og reglar med omsyn til sal og skjenking.
- Konflikthandtering.

Ut frå innspela å døme er det eit stort behov for/ynskje om opplæring, kurs, drøftings-fora, veiledning m.v. Innspel har kome både frå "hjelpeapparatet" og frå handelsnæringa.

Kommunane i Vest-Telemark har fått pengar frå Fylkesmannen til felles opplæringstiltak på dette området, elles har prosjektgruppa gjort framlegg om opplæringstiltak under strategiar og tiltak både for løyvehavarar og kommunalt tilsette.

5.8 Innspel til planen

Endeleg spurte vi om informantane hadde merknadar eller innspel til ein rusmiddelpolitisk handlingsplan. Innspela er samla i nokon hovudpunkt:

- Rus influerer på så mange deler av livet viss det fyrst blir eit problem. Herunder også pårørende og barn. Det vil sei at ein treng mange ulike tiltak på ulike nivå og med ulike målsettingar.
- Ein må sjå 1. og 2.linjen meir som ein heilskap og ikkje som to åtskilde tilbod.
- Politiet er ein svært viktig samarbeidspart i saker med rus. Politiet veit mye og er ofte gode på samarbeid.
- Prosjektet ”Snakk om det – ikkje berre snakk” var eit svært positivt tiltak. Det er eit ynskje at prosjektet blir tatt opp igjen.
- Førebyggjande arbeid blant barn og unge må prioriterast. T.d. førebygging av mobbing i skulen frå 3-4 kl og opp over.
- Bruke og involvere friviljuge organisasjonar.
- Redusere skjenketida og minimere alkoholtilbodet i kommunen.

Prosjektgruppa meiner at dei fleste innspela blir ivaretatt gjennom framlegg til strategiar og tiltak.

Prosjektgruppa har ikkje kome med framlegg til endringar skjenketidene i Seljord då ein meiner at det ikkje vil være tilrådeleg med kortare skjenketider i Seljord enn i Bø – dette for å unngå ein del trafikk seint på natta. Prosjektgruppa rår til eit samarbeid om felles alkoholpolitiske retningslinjer i Midt- og Vest-Telemark.

5.9 Alkoholpolitikken i Midt- og Vest-Telemark

Eit av måla med planarbeidet var å undersøkje alkoholpolitikken i regionen.

Ein har vore i kontakt med kommunane i Midt- og Vest-Telemark og har registrert nokon skilnadar frå kommune til kommune med omsyn til sals- og skjenketider, kva type verksemder som får/ikkje får løyve, vilkår etc.

Dersom ein ynskjer ei samordning av dei alkoholpolitiske retningslinjer i regionen, bør initiativet til å setje dette arbeidet i gang kome i løpet av hausten 2010. Arbeidet må være ferdig i denne kommunestyreperioden slik at nye retningslinjer er på plass når løyva skal fornyast våren 2012.

Prosjektgruppa gjer framlegg om at Seljord kommune skal ha som mål å samarbeide med kommunane i Vest- og Midt-Telemark rusmiddelpolitiske mål og felles alkoholpolitiske retningslinjer.

6. Vurdering av rusmiddelsituasjonen i Seljord

Det finst ikkje nokon samla statistikk som beskriv rusmiddelsituasjonen i den einkilde kommunen.

For å danne oss eit bilde av rusmiddelsituasjonen i Seljord har vi sett på alkoholomsetjinga og innhenta informasjon frå medlemmene i referansegruppa.

Prosjektgruppa vil understreke at dette ikkje er ei vitenskapelig undersøkning, men ei kvalitativ vurdering.

Vi har stor alkoholomsetjing i Seljord i høve til folketalet, men ingen indikasjonar på at Seljords befolkning skil seg nemneverdig frå folk andre stader i landet. Alkoholkonsumet har truleg auka i Seljord som elles i landet på grunn av endra drikkevanar og auka tilgang.

Seljord er eit handelssenter og trekk kundar til frå eit stort omland. Ut frå tal frå alkoholomsetjinga i Seljord og tilsvarande tal på landsplan kan ein anta at opp mot 40% av den omsette alkoholemengda går til folk utanfor kommunen. Ein har då tatt høgde for at seljordingar også kjøpar noko alkohol utanfor kommunen.

Det er rapportert om litt mindre drikking blant dei yngste ungdom, men eit aukande problem blant unge jenter.

Auke i totalkonsumet vil uunngåeleg medføre auka problem. Alkoholkonsum under festivalane, spesielt på campingområda, er ein særskild utfordring i høve til akutte helseskadar og vald. Festivalleinga er i aller høgste grad merksame på problemet og gjer eit stort arbeid for å hindre uynskt åtferd og ulukker.

Det har gjennom fleire år vore kjend at vi har eit problem med illegale rusmiddel i Seljord. Problematikken er på mange måtar meir samanliknbar med det ein finn i Bø og på Notodden enn det ein finn i dei andre Vest-Telemark kommunar. Årsakene til dette ligg truleg i dei demografiske og kulturelle trekka der Seljord framstår som meir urbant i høve til nabokommunane i vest. Problemet har i liten grad vore knytt til dei yngste. Hasjbruk har vore aukande gjennom dei seinare åra, det same gjeld truleg også amfetamin. Det er ingen indisium på at problema kjem til å avtaka.

Problemet med pengespel har blitt mindre synleg etter at automatane vart fjerna. Ein har melding om at einskilde held fram med eit problematisk spelemønster i lukka miljøa eller på nettet, noko ein i hjelpeapparatet til nå ikkje har tilstrekkeleg oversikt over.

Personar med rusproblem er ofte blant dei som har problem på bustadmarknaden. Dårleg eller manglande bustad vil som regel forsterke rusproblema. Vi har problem med å skaffe eigna bustader til denne gruppa i Seljord.

Prosjektgruppa meiner at vi i Seljord har ein rimeleg god oversikt over rusmiddelsituasjonen dette gjeld både innan dei einskilde avdelingar sitt ansvarsområde og samla sett. Det blir gjort eit stort og godt arbeid i dei ulike avdelingar og saman med ulike samarbeids-partar, både for å hindre at problem oppstår og for å hjelpe dei som har fått eit problem. Dei ulike sider av rusmiddelproblematikken er prioriterte i det daglege arbeidet og gjennom planar, prosjekt og tiltak.

Utfordringa er likevel for ein liten kommune som Seljord å oppretthalde kompetanse over tid og ha tilstrekkeleg kapasitet til kontinuerleg oppfølging.

7. Førebygging – kva har verknad?

Opp gjennom åra har det vore gjennomført mange ulike gode og mindre gode førebyggjande tiltak.

Tiltaka som har vore kan i grove trekk delast i to hovudtypar:

- Opplysningskampanjar ofte med islett av skremsel i form av film eller besøk av tidlegare narkomane.
Tiltaka blei gjennomførte med ei filosofi om at ”har du fått tilstrekkeleg kunnskap, då kan du også treffe dei rette vala”.
- Organisert fritid med aktivitet i lag/organisasjonar eller i ungdomsklubb.
Filosofien bak dette i grove trekk: ”Så lenge du er aktiv med eit eller anna då er du berga”.

Forsking har seinare synt at effekten av mange av desse tiltaka i bestefall hadde vore lik null.

Å invitere ein tidlegare narkoman inn i klasserommet styrker nok haldninga til dei som frå før av er klare i si haldning, men det ein viss fare for at einskilde kan bli nysgjerrige på rusmiljøet.

Gevinsten frå satsinga på lagsaktivitet, kulturskular, ungdomsklubbar m.v. ligg nok meir på det helse- og trivselsfremmende enn det reint rus-førebyggjande.

Undersøkingar har synt at organisert ungdom drikk like mykje som uorganisert ungdom og ofte meir, bort sett frå ungdom aktive i fråhaldsorganisasjonar.

Forsking har synt at tiltak som er prega av heilskapstenking, med langt tidsperspektiv og med kombinasjonar av ulike tiltak på ulike nivå (primære, sekundære og tertiære) har best effekt.

Dei tre mest effektive rusførebyggjande strategiar er:

- Tilgjengelighet
- Pris
- Foreldreinvolvering.

Internasjonal forskning har synt at blant alle strategiar har den norske alkoholpolitikken synt seg å være mest effektiv med regulering av tilgang, tider for alkoholsal, aldersgrense, reklameforbod m.v. kombinert med høge avgifter.

Foreldreinvolvering går på alt frå ”spelereglar” i og utanfor heimen, dialog, bringe og hente til å følgje med og bry seg om vennegjengen.

Kontroll blir med andre ord eit nøkkelord, både med omsyn til kontroll av alkoholomsetjinga og foreldras kontroll med ungdommen.

Prosjektgruppa har i sitt framlegg forsøkt å taka høgde for kva som er forskingsmessig tilrådeleg.

Litteraturliste:

Opptrappingsplan for rusfeltet	St.prp. nr. 1 2007-2008
Veileder for kommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan	S-h dir. 2006
Håndbok i alkoholoven m.v.	S-h dir. rsk. IS-5/2008
Rusmidler i Norge	Sirus 2007
Alkoholpolitikens muligheter	Griffith 1994
Forebygging.no	
Sirus.no	

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Kviteseid kommune
Alkoholpolitiske retningslinjer for Bø kommune

Kommuneplan for Seljord 2006 – 2021, Langsiktig del.
Delegasjonsreglement for Seljord kommune 2007
Opplæringsplan for Seljord 2006 – 2009
Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune 2007 – 2011
Verksemdsplan for grunnskolen 2007/2008
Kommunal plan for haldningsskapande arbeid i grunnskolen i Seljord
Handlingsplan for flyktningkontor og vaksenopplæring i Seljord 2006 – 2008.
Plan for trivsel og oppvekst 2005 – 2009
Bustadsosial handlingsplan 2007
Revidert plan for psykisk helse i Seljord kommune 2007 – 2010
Kulturplan
Alkoholpolitiske retningslinjer for Seljord kommune 2006.